

Møte for lukkede dører, Stortinget 9. februar 1939

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 9. februar 1939 kl. 17.00

President: Magnus Nilssen.

Dagsorden:

Innstilling fra den forsterkede utenriks- og konstitusjonskomite om forhandlinger med Island om revisjon av den norsk-islandske avtale av 17 september 1932 (innst.S.B.).

Efter forslag av presidenten besluttedes enstemmig: Møtet holdes for lukkede dører. Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til møtet. Likeledes gis ekspedisjonschef Smith, byråchef Hougen, byråchef Prebensen, sekretær Ingstad og direktør Sollid adgang til møtet.

Trædal: Den svære vansken i denne saka um å få ein revidert avtale med Island ligg, som me veit, i det at fiskeria og jordbruket so lett vil koma til å stå i motsetningshøve i sine interesser. Det vil ha lett for å verta slik, at dersom me får ein avtale som stettar fiskeria, so må jordbruket betala, og skal me få ein avtale som sikrar interessene åt jordbruket, risikerer me at det går ut over interessene åt fiskeria. Eg tenkjer me alle gjerne vil imøtekoma ynsket hjå både desse næringar um at ein avtale ikkje skulde koma nokon av dei til skade, og me er vel også samde um, tenkjer eg, at ingen av desse næringane har råd til åleine å betala det som eit brigde i avtalen måtte kosta for Noreg. No er det mi meinings etter det som til no ligg fyre i denne stortingsmeldinga, at dersom dette vert fastlagt etter den form det har fått hjå fleirtalet, vil det gå ut over jordbruket. Alt den noverande avtala av 1932 veit me er slik at det er jordbruket som må yta vederlaget for at Island skulde gå med på ein avtale som er nøgjande for fiskeria. Den lina som vart lagd ved avtala i 1932, gjekk i den lei og var tenkt å skulla føre til heil avvikling av innførsla av sauekjøtt frå Island. Dette er sjølv sagt eit av dei umråde der det først og fremst er naturleg for Noreg å leggja vinn på at landet vårt kann verta teke i bruk. Eit av dei umråde der det tilbyr seg fremst å nå langt, er kjøtproduksjonen, og då er det rimeleg at dei som er interesserte her - og det er eit stort tal av dei norske jordbrukarar - dei ser med liten velvilje på at dei er avtalebundne til å få innført 6 000 tunnor kjøt. Og det som me må sjå fram til, serleg dersom fleirtalsframleggget vert vedteke, er at denne kvoten på 6 000 tunnor må ein rekna me vert auka til 8 000. Kjem då avtalen i stand på dette grunnlaget som no ligg fyre, vert det soleis jordbruket som må yta for å få avtalen i stand. Me unner fiskarane det, dei treng det; men på hi sida må me segja at det ikkje er naturleg at desse jamne gardbrukarane som serleg er interesserte i kjøtproduksjonen, skal yta heile godtgjeringa for at me skal bryta denne lina frå 1932. I prinsippet er me samde um at me ikkje skal stengja for vidare forhandlingar, det er ikkje det det står um. Etter mitt skyn er det kome slik i

Møte for lukkede dører, Stortinget 9. februar 1939

veg at me har svært vanskeleg for å koma utanum det å auka kvoten. Saka har vore opna slik frå islandsk side, og det som har hendt til i dag, gjer at det er vanskeleg å sleppa ein viss auke utan ein risikerer at forhandlingane vert brotne. Men det vil vera ei hjelp for underhandlarane våre, dersom me kunde finna ei slik form for vedtaket i Stortinget at underhandlarane våre beint fram kunde visa det fram til underhandlarane frå Island og segja: De ser korleis det norske Storting ser på det. Og då meiner eg at ei form som den som eg no vil lesa upp som framlegg frå bondepartiet, vil vera betre enn tilrådinga frå fleirtalet.

Det gjer meg vondt at det først er i dag me er komne til endeleg formulering av dette, og at me ikkje kunde få lagt det fram i nemnda; me har verkeleg freista, og me synest det er vondt at me ikkje kunde nå fram til å verta samde, som me framum alt må leggja vekt på i saker av utanrikspolitisk art. Men det var det som sagt ikkje tid til. Framleggget lyder slik:

"Med di Stortinget strekar under at det ikkje føreåt kan binde seg til å godkjenne ei avtale som er i emning blir St.melding nr. 20 1939 vedlagt protokollen."

Formuleringsa står ikkje i strid med det som departementet har uttala at det ynskjer som svar. Departementet segjer, som ein vil sjå, at det "går ut fra at det kan gjenoptas forhandlingar på dette grunnlaget dersom Stortinget ikke gjør noget vedtak i motsatt leid". Og det framleggget til vedtak som eg her har lese upp, går ikkje i "motsatt leid". Det er berre ei understrekking av, ein kann segja, den sjølvsagde tingen, at Stortinget skal stå fritt når resultatet ligg fyre. Men det er stundom det kann vera lønsamt å streka under jamvel ein sjølvsagd ting. Dersom me gjev denne fullmakta utan å ha nemnt det, so vil det vel verta slik at i neste umgang er Stortinget nokso bunden til den avtalen som då vert lagd fram. Eg legg fram dette framleggget med di eg viser til dei merknadene som eg har gjort i tilrådinga.

Presidenten: Da det nu er fremsatt et fra komiteens innstilling avvikende forslag, refererer presidenten først komiteens innstilling:

I

Stortinget samtykker i at de påbegynte forhandlingar med Island om revisjon av den norsk-islandske avtale av 17 september 1932 fortsettes.

II

St.meld. nr. 20, 1939 vedlegges protokollen.

Hr. Trædal har fremsatt følgende forslag:

"Med di Stortinget strekar under at det ikkje føreåt kan binde seg til å godkjenne ei avtale som er i emning blir St.melding nr. 20 1939 vedlagt protokollen."

Statsråd Koht: Eg må segja at eg ikkje er samd i det som hr. Trædal sa, at her i denne saka står det soleis at anten må fiskarane betala for jordbrukarane eller jordbrukarane for

fiskarane. Eg trur for min part at i denne saka er det godt mogleg å finna ei semje millom både interessone, soleis at både fiskarane og jordbrukskarane kann få nytte av den avtalen som det her er spørsmål um, og eg meiner at i det som Utanriksdepartementet har lagt fram for Stortinget her, kann ein sjå at dette er mogleg. Vi har peika på at det som er til skade for den norske sauekjøtproduksjonen, er ikkje innførsla frå Island, men det er innførsla frå Argentina, som har kome i fylgje med Islandsavtalen frå 1932. Og vi har då gjort det framlegg for so vidt frå Utanriksdepartementet alt for meir enn eit år sidan, at vi mot dette skulde setja ei innførsleregulering, so vi skulde skjera ned innførsla frå Argentina. Vi kann skjera ned heile sauekjøtinnførsla samla med ikkje mindre enn fjordeparten og vel so det og likevel la Island få auka innførsla si, soleis som departementet likeeins har peika på, og det er dette som ligg fyre her. Eg vil minna um at når vi har bede um å få saka fram for Stortinget, so er det for di vi i forhandlingane med Island møtte so sterkt dette kravet um ei auka innførsle for det islandske sauekjøtet. På dette svara vi at det kunde vi ikkje på nokon måte gå med på utan vi hadde lagt det fram for Stortinget og visste kva Stortinget meinte.

No har fleirtalet i nemnda gjort eit framlegg som vil segja greitt frå kva Stortinget meiner. Hr. Trædal har kome med eit motframlegg, som han segjer skulde vera so klårt at ein kunde leggja det fram for dei islandske forhandlarane, og so skulde dei vita kva Stortinget meinte. Men eg må ærleg segja at eg skynar ikkje at nokon kann vita kva Stortinget meiner når det i dette framlegg står at Stortinget bind seg ikkje til nokon ting fyreåt. Det er ein sjølvsagd ting dette at Stortinget ikkje fyreåt bind seg til ein heil avtale. Her er berre spørsmål um dette: um Stortinget vil gjeva forhandlarane våre lov til å gå med på å auka sauekjøtkvoten frå Island. Det er det som er det aktuelle spørsmålet, og det er det som Stortinget må uttala seg um. For min part hadde eg no tenkt at forhandlingane med Island skulde bli førde soleis, at det kanskje ikkje skulde verta naudsynt å gå so høgt upp som vi har peika på her i meldinga frå Utanriksdepartementet som den ytste grensa. Eg har ei von, eg kann ikkje segja ho er so sers stor, det kann eg ikkje segja, eg vil ikkje narra Stortinget - men eg har ei von, og eg vil i det minste gjera ein freistnad på å få ein lågare sauekjøtkvote; men når vi pruta med islendingane um dette, so måtte vi til sjuande og sist kunna segja at her har Stortinget sett ei grense, dit og ikkje lenger, so dersom dei ikkje godtek dette, blir det ingen avtale. Det er eit greitt og klårt standpunkt som ein kann koma med. Men dette som hr. Trædal har gjort framlegg um, gjev ingen styrke til forhandlarane våre, det gjev dei ikke noko grunnlag å stå på.

Eg trur ikkje det skulde vera turvande å gå noko nærrare inn på sjølve det spørsmålet um denne sauekjøtinnførsla frå Island kann ha so stor og skadeleg innverknad på sauekjøtproduksjonen her i landet som det har vore sagt. Eg tenkjer det kann vera nok å peika på den ting som Kjøt- og Fleskecentralen har halde fram, at i 1938 var det islandske sauekjøtet dyrare enn det var i 1937, og det kom mindre av det her til landet. Eg trur vi då trygt kann segja at den vesle

nedgangen vi hadde i kjøtpolisane i fjor, hadde ikkje saukjøtet frå Island noka skuld i. Eg trur då heller ikkje at ein skal gjera seg for store tankar um kva verknad det kann ha med desse få hundre tonn det her er spørsmål um, og serskilt må eg minna um det som hr. Trædal sa, at um vi no går til underhandlingar med Island, må fyresettningen vera at vi går noko upp med denne islandske kvoten. Det var det som var fyresettningen frå Island, då dei kravde revisjon, at dei vilde ha kvoten opp, og i so måte kann det vera nyttig å hugsa at Island kravde dette alt i 1935, då kvoten endå ikkje var komen lenger ned enn til 10 000 tunnor for den sesongen som hadde vore, og skulde bli 8 500 tunnor for sesongen etter. Alt den gongen var Island misnøgd, so me skynar godt at Island her vil stå stridt på sitt krav. Men eg meiner at vi her i nokon mun kann koma islendingane til møtes utan skade for det norske jordbruket og utan skade for den norske saukjøtproduksjonen. Innførsla frå Argentina vil vi slå ned so langt det er råd med dei traktatvilkår vi har.

Valen: Eg har tenkt å røysta for framleggget frå nemnda, for eg skynar godt at slik som denne saka ligg til, må forhandlerane ha noko visst å gå ut frå, og so stor interesse som dette har for fiskarane, er det nok ikkje noko å gjera ved den ting.

Men når den vyrde utanriksminister sa at han trudde ein her på dette felt kunde nå fram til eit samarbeid millom fiskarinteressene og jordbruksinteressene slik at jordbruksinteressene skulde verta fullt stetta, so trur eg nok at eg må ta sterke reservasjonar i so måte. Eg er klår over at når Utanriksdepartementet tenker å få ned kvoten frå Argentina, slik at importen derfrå vert mindre, vil det vera ein munaleg fyremun for jordbruket mot det som har vore til no. Men me må vera heilt klår over at det er ingen produksjon som ligg betre til rettes, og som er meir naturleg for vårt landbruk og jordbruk i dag enn saukjøtproduksjonen. Dersom det av naturen er lagt til rettes serleg gode vilkår for ein landbruksproduksjon, so er det nettupp for denne. Og det er nettupp ein naturleg produksjon for dei distrikt som har det vanskelegast med jordbruket sitt. At det her er svære utviklingsvoner, er ein sjølvsagd ting. Difor er det heilt unaturleg at me her i landet i det heile fører inn salta saukjøt. Dersom pristilhøva hadde lege til rettes for det, vilde me ha fått ei veldig auking av saukjøtproduksjonen, som tolleg fort vilde ha fyllt dette kvantumet som me får frå Island og Argentina. Me må vera klår over at me kann ikkje byggja ein varig skipnad på at me skal føra inn saukjøt her til lands.

Utanriksministeren sa at prisen på Island hadde lege høgare enn her i landet.

(Statsråd Koht: Prisen her i landet på islandsk saukjøt.)

Ja, men kva prisar får ein? Me skal vera klåre over at dei prisar ein gjev for salta saukjøt, ikkje svarar til marknadspris, og so saltar dei det ned og sel det ut til langt under kostprisen. Dei gjer det for å ha ei avsetning for overfloden av saukjøt i høstsesongen. Difor er det berre med

hjelp av eit stort tilskot av sauekjøtavgifta, som er 50 øyre pr. skrott, og med hjelp av tilskot av andre midlar at me er i stand til å selja sauekjøtet i konkurransen med det innførde islandske sauekjøtet. Desse pristilhøve har i serleg grad gjort sitt til å bremsa på framgangen for sauehaldet her i landet. Eg segjer dette berre for å streka under at me må vera klåre over at ein varig skipnad ikkje kann gå ut på at me her i landet skal føre inn sauekjøt.

Eg er svært takksam for at departementet vil få ein skipnad for det argentinske kjøtet. Men eg trur at departementet ogso der må vera merksam på at det er ikkje nok å få ein kvote for det som kann førast inn til den nedsette tollsatsen, 10 øyre som grunnsats, dersom det står fritt for Argentina å føra inn so store mengder det vil etter den vanlege tollsatsen som er 15 øyre pr.kg. Den tollsatsen ein har her, er ein tollsats som står heilt i mishøve til dei andre tollsatsar me har for kjøt. I 1922 - eller var det i 1924 - og like eins i 1932 hadde Stortinget fastsett tollsatsen for salta sauekjøt til den vanlege tollsats for kjøt på den tid. No er tollsatsen på kjøt 50 øyre. Eg meiner at departementet, når dei sakene skal fyre her i Stortinget, må kome med framlegg om tollsatsen på salta sauekjøt - eg skal ikkje nemna tal - som svarar til det som er naturleg for salta sauekjøt i samhøve med anna kjøt, soleis at me verkeleg kann stengja for importen av det som ikkje vert ordna gjenom kvote. Det er av avgjerande vekt at i alle fall den norske sauekjøtproduksjonen får den marknad som vert att etter at desse kvotene er fyltte. Og for framtida, på lang sikt, må me vera klåre over at me kjem ikkje utanum at det norske landbruket skal fylla det som trengst av sauekjøt her i landet. Men slik som det ligg til i dag, so store vanskar som det er for fisket, so skynar eg godt at jordbruksrådet får finna seg i denne kvoten, me får bera vanskane saman, og at det er av stor vekt at forhandlarane våre får klårt uttrykk for kva Stortinget meiner um dette spørsmålet, so eg vil bøygja meg for dette og røysta for tilrådinga.

Sundby: Det var et utmerket innlegg president Valen leverte. Jeg synes bare konklusjonen stod i dårlig forhold til premissene, for etter premissene synes jeg hr. Valen burde stått på hr. Trædals side, det fikk i allfall jeg ut av det.

Den ærede utenriksminister mente at vi uten skade kunde gå med på denne avtalen nu, fordi vi allikevel kunde få en minskning i den samlede import ved å regulere forholdet til Argentina. Ja, man har forsømt sig likeoverfor Argentina. Man sier at det er i ly av avtalen av 1932 at Argentina er kommet inn og har eksportert mer og mer til oss. Men hvem har sagt at man skal sitte med hendene i skjødet i 6 år overfor en sådan unaturlig og meningsløs dumpingimport som den fra Argentina? Har andre land gjort det overfor lignende import? Nei, det er jo nettop i disse år det er blitt importforbud og kvoter over en lav sko i alle land, og kanskje aller mest i de førende frihandelsland. Her i landet har man vist en forsømmelse ved ikke å stenge denne import før. Man har til og med latt den skje med en så lav tollsats som 10 øre, som ikke hører noget steds hjemme. Og når man nu endelig tar sig sammen til å få rettet på dette, så forstår jeg det så at man vil ikke helt

rette på den synd som er begått overfor jordbruksbefolkningen, man vil bare rette noget på det. Når man så har rettet noget på det som har vært så meningsløst i de siste årene, så mener man at da gjør man forholdene så meget bedre, en øket import fra Island ikke blir til nogen skade for jordbruksbefolkningen i det hele allikevel. Det er helt uriktig å argumentere på den måte, for det er helt oplagt at dette er til stor økonomisk skade for jordbruksbefolkningen. Enhver som kjenner forholdene, vet at det her er markedet som er fylt til randen på forhånd. Vi har billede av begeret som flyter over når det kommer en dråpe til, og det har vi ut over høsten fått merke på den måten at kjøtprisene er gått nedover og nedover, så man får nesten ingen ting for en ku når man selger den. Direktør Sollid opplyser i sitt særavtale at prisen er gått ned med optil 25-30 øre pr.kg. Jeg har inntrykk av at den siden er gått ytterligere ned. Og det er jo ikke bare det forhold man må regne med, men dertil kommer det som også hr. Valen var inne på, at dette er en produksjon som vi har så gode betingelser for å kunne drive med nettopp i de landsdeler hvor vi gjennem nydyrkning og bureising som vi bevilger så meget til, anstrenger oss alt vi kan for å øke produksjonen. Fortrinsvis er det rundt kysten at produksjonen av saukjøtt kan og bør økes. Men det skaper ny tilførsel til markedet som allerede på forhånd er overfylt. Og så skal man attpå ta en stor import til å overfylle det ennu mere.

Jeg vil gjøre opmerksom på at den departementale kraftfôrkomite har opplyst at for å opnå den økning som bureisningen medfører, vil det være nødvendig å øke innblandinga av smør i margarinen med 2 pct. pr. år. Hvis ingen ting av denne økning kan gå til kjøtproduksjonen, er det nokså vanskelig å få det hele til å henge sammen, det vil man forstå.

Jeg tror ikke man her kan være opmerksom på i hvilken grad dette er en direkte belastning av jordbruksbefolkingens arbeidsfortjeneste. Alle vet jo at denne arbeidsfortjeneste ligger på et slikt lavmål sammenlignet med den øvrige befolkninga, at det ikke er nogen mening i det. Naturligvis har fiskerne en dårlig fortjeneste, det er vi på det rene med. Men hvorfor skal styperen hjelpe stakkaren, hvorfor skal man skjære ytterligere ned på jordbruksbefolkningens dagsfortjeneste, som etter Selskapet for Norges Vel's regnskaper selv nu i de gode år utgjør kr. 3,15 pr. dag på egen kost, for småbrukerne ca. 4 kroner etter det siste regnskap som vi nettopp har referert i komiteen idag? At enhver tilførsel av kjøtt utenfra minsker denne dagsfortjeneste, det må være helt klart. Jeg vil trekke en sammenligning: Hvis man gjorde en avtale med Island eller et annet land om at vi årlig skulle innføre 8 000 fabrikkarbeidere, så ville det kanskje ikke gjøre fabrikkarbeiderne så meget, for de har faste satser, det blev hele samfundet som måtte komme til å bære byrdene ved at det blev 8 000 flere arbeidsledige i dette land. Men i dette tilfelle er det ikke så, vi har ikke faste priser og fast arbeidslønn i jordbruksbefolkningen. Og når man fører inn et kvantum som er for meget, så går rett og slett arbeidslønnen ned tilsvarende, og den kan gå nokså loddrett ned også, når det er så at vekten vippes over.

Jeg synes derfor, at når man ser det slik - som vel de fleste her i salen ser det - at fiskerbefolkningen skal hjelpes på alle måter, så får hele samfundet hjelpe. Man skal ikke la jordbruksbefolkningen som ved siden av fiskerne har det vanskeligst før, bære denne byrden alene og til og med bære den så ekstraordinært tungt, at det man innfører, kommer på et på forhånd overfylt marked. Vi kan lett komme til å stå i den samme stilling i vårt land som man har stått i Danmark i en årrekke.

Det som har hjulpet på kjøttmarkedet, er jo at reveavlen har tatt så meget kjøtt i den senere tid. Jeg henviser imidlertid til en artikkel som nylig har gått ut fra vår første fagmann på området, hvor det hevdes at man er kommet til at man kan føre revene uten å bruke synderlig kjøtt. Og skulde det bli almindelig er det helt klart at vi kan komme til å stå likeoverfor den situasjon at vårt kjøttmarked blir helt demoralisert, som det var lenge i Danmark, hvor man i en årrekke har destruert 2 - 3 000 slakt pr. uke, gjort det om til kraftfør for å lette markedet og for å holde prisene så nogenlunde oppe for jordbruket. Hvis det utvikler sig slik også hos oss, får hele samfundet være med på å bære hvad det koster å destruere disse saueslaktene fra Island og Argentina. Ellers er det oplagt at det vil overfylle markedet. - Markedet er allerede overfylt-, og derfor vil denne import virke således at det er jordbruksbefolkningen som gjennem nedsettelsen av sin arbeidsfortjeneste må betale det hele. Jeg synes det vilde være naturlig om man under disse forhandlinger og under arbeidet med å ordne disse saker forsøkte å løse det på en annen måte enn ved å la jordbruksbefolkningen bære det hele. Spørsmålet om å arrangere sig med flytende kokerier har jo vært fremme, det er også nevnt i innstillingen. Det vilde være naturlig om samfundet bar hvad det vilde koste for at fiskerne kunde få tilsvarende fordeler på den måte som de nu har ved sildeoljefabrikker m.v. i land. Eller man fikk se å hjelpe islendingene til å få avsatt sitt kjøtt på annen måte enn ved å føre det inn på det overfylte norske marked.

Jeg slutter mig til hr. Trædals forslag, som jeg går ut fra må opfattes slik at man må legge hele linjen anderledes an enn man nu tilskirter, for å løse spørsmålet på en annen måte. Det er en uholdbar måte å løse det på, den som er bragt i forslag.

Jakob Vik: Denne saka har two sidor, det er fiskarinteressone og jordbrukarinteressone som å sjå står imot kvarandre. Den gongen me fekk avtalen med Island, i 1932, var eg medlem av regjeringa, og eg var då svært ivrig for at me skulde få kjøtkvoten til Noreg nedover ut frå det syn at me smått um senn måtte gjera oss sjølvberga og koma burt frå importen av kjøt. Det kjem for resten uventa, kann eg trygt segja, at ikkje fyrr er me komne ned på det nivå som me den gongen godkjende som det endelege, fyrr me får nye tingningar med Island. Dei er misnøgde med vår kjøtimport. Eg kann svært godt forstå Island ogso, det har vanskeleg for å koma ynska frå dei norske fiskarar til møtes utan at det får visse kompensasjonar. Eg kann også forstå at det er misnøgd med den store importen frå Argentina som er komen i ly av Islands-

avtalen. Men fiskarinteressone våre der burte på Island er ikkje so overlag store at eg kann godkjenna at ein skal stetta dei på kostnad av interessone åt dei mest naudstelte norske gardbrukarar. Dei er svært mykje større enn fiskarinteressone.

Den vyrde utanriksminister heldt fram at hovudspursmålet på dette umrådet var innførsla frå Argentina, og det er klårt at ein må gjera alt ein kann for å få importen frå Argentina nedover. Men likevel er det sikkert at den importen som kjem frå Island i dag, trykkjer ikkje berre saupekjøtpisen, men heile prisnivået på kjøt på produsenten si hand, han lamar det norske landbruk med mangfaldige millionar kronor um året - um ein skulde rekna det ut i kronor.

Saupekjøtproduksjonen er, som det er sagt fyrr i debatten, ein av dei produksjonar som me lettast har for å auke. Det er ein produksjon som ein kann driva i fjellbygdene, i fjordbygdene, i kystbygdene, over heile landet, både på dei store og på dei mindre bruk. Det er ein naturleg produksjon for dei ulendte gardane som har ein stor førproduksjon på utslåttar og i skogen. Eg har høyrt eit foredrag nyleg som avdømde denne førproduksjonen; men ser ein ut over Noregs land i dag, so ser ein at det er ei mengd med før som vert produsert, og må produserast i slike strok og under slike tilhøve. Og ser me på den samla produksjon i husdyrbruket i dag, so har me umsetningsvanskar på mjølkeumrådet, det er nok med mjølk på marknaden, det er for mykje smør, og me har dei største vanskene med å få det avsett på ein forsvarleg måte. Men det må Stortinget hugsa på, og forhandlarane våre også, at di meir me kann få lagt produksjonen um til saupekjøtproduksjon og til kjøtsal, di lettare vil mjølkemarknaden verta. Og eg trur ikkje det er nokon grunn for bøndene til å driva mjølkeproduksjon på kostnad av kjøtproduksjonen når denne er livsam. Det er mange strok i landet der det er vanskeleg å koma fram til meieria, og der det er vanskeleg å stå saman um smørlag og fløytemeieri. Det er uendeleg mykje lettare å driva saupekjøtproduksjon, det krev mindre arbeid, det er noko av eit sesongarbeid. Men skal desse folk kunna leva av arbeidet sitt, må fyresetnaden vera at ogso kjøtet er nokolunde rimeleg betalt.

Ut frå mitt syn må eg her røysta for framleggget til hr. Trædal. Når me kjem inn på fiskerispursmålet, må det vera ein utveg, som det var nemnt av hr. Sundby, å senda mor-skip bortover til Island og driva det ein kallar pelagisk fiske, taka det ein fiskar um bord og foredla det anten til saltsild eller til sildeolje og sildemjøl. Eg skynar godt at det ikkje er lett å lasta silda um ute i havet, soleis som veret kann vera, men teknikarane på det umkvervet må leggja hovuda i bløyte og sjå til å finna ein utveg som kann letta dette umlastingsarbeid i open sjø og under därlege vertihøve. Det kann ikkje nyttas i lengda å driva dette slag kontrapolitikk millom fiskeria og jordbruket og lata jordbruket betala for fiskeria med sine surt tente penger. Me kjem vel inn på problemet åt dei norske fiskeri seinare, og det er ikkje for tidleg at me finn ein utveg til å modernisera både det eine og det andre når det gjeld fiskeria. Og eg meiner at kann me finn ein utveg til å stydja upp um det pelagiske fisket der ute når det gjeld silda, vilde det gjera oss fri i tilhøvet til Island,

og det vilde vera store ting vunne både for fiskeria og for jordbruket og for heile det norske folket.

Knut Strand: Eg bad um ordet for å streka under at den avtalen med Island som det her er tale um å få i stand, har overlag mykje å segja for dei fiskarane som er interesserte i dette fisket der burte. Eg trur ogso eg kann segja at dersom ein når fram til den avtalen som det her er gjort utkast til, vil de skapa stor glede millom desse fiskarane. Ikkje slik at dei ikkje gjerne ynskjer avtalen betre, men slik som tilhøva ligg til i dag, trur eg at ein her har nått fram til det ein kann vona å nå fram til. Eg vil ogso peika på at desse fiskarane som det her gjeld, er for tida i ei vanskeleg stilling. Når det gjeld den vanlege havfiskeflåten, so har denne havt tri hovudsesongar um året. Det er for det fyrste stor- og vårsildfisket, for det andre torskefisket med line på Island eller på Bjørnøya og for det tridje sildefisket på Island, men det har diverre vore slik i dei siste åra at linefisket for ein stor del har vore mislukka av ein eller annan grunn. Det står vel truleg i samband med tilgangen på føde, so at torsken i liten mun tek lina, jamvel um det har vore fisk til stades, og det har gjort at det har vorte mindre og mindre av torsketurane, og det har endå vore so därleg at ein større del av floten sume år i det siste har mått leggja upp. Og trål har ikkje desse farty lov å bruka. Dei har då berre desse two sesongane, stor- og vårsildfisket og sildefisket på Island, å falda tilbake på. Ein vil da skyna at dersom ogso denne sildeturen på Island må avskipast, vil ikkje desse fiskarane få arbeid meir enn umlag tri månader um året. Eg vil også streka under at dei fiskarane det her gjeld, er slike fiskarar som berre har sjøen til leveveg. Eg vil også minna dei talarane som no har vore uppe, um at me her i Stortinget fleire gonger har gått til tiltak for å hjelpe andre næringar, og det er sjølv sagt slik at dei tiltak som er gjort, dei kostar, og fiskarane er i stor mun dei som er hardast råma av den kostnaden som dei ymse tiltak fører med sig. Eg vil ikkje koma nærare inn på det no i denne sak; men eg vil be um at Stortinget i dag viser litt samkjensle og litt solidaritetskjensle ogso med fiskarane. Det må ikkje verta slik at det berre vert krava frå ein einskild klasse som vert haldne fram. Ein må sjå det heile i samanheng og sjå det slik at alle dei som arbeider i dei ymse yrke, utan umsyn til kva yrke det er, dei høyrer ogso med til det norske folket. Eg vil på det beste rá til at ein går med på tilrådinga.

Støstad (komiteens ordfører): De betenkelsigheter som er fremholdt her når det gjelder nye forhandlinger med Island, og da i særlig grad økning av sauekjøttkvoten, var også meget sterkt fremme og drøftet i komiteen da vi behandlet saken, og jeg tror ikke det var nogen der uten at de så de betenkelsigheter som var tilstede, og jeg tror heller ikke det var nogen som ikke overveiet ganske nøie de ting som talte imot å gå til en slik økning. Det som har forundret mig noget under den debatt som er ført her idag, det er at det man har snakket om, det er sauekjøtproduksjonen, det er landbruket. Bare den siste taler beskjeftiget sig med fiskeriene og det spørsmål som

de har interesse av - det som i virkeligheten etter min mening burde være det viktigste i denne sak. Naturligvis kan det sies å medføre visse vanskeligheter for jordbruket, særlig for saueproduksjonen, at man forhøier kvoten, eventuelt til 8 000 tonner, og det kan naturligvis også rent teoretisk sies, at det vil ha en slik innflytelse på kjøttprisene i vårt land at det vil utgjøre, slik som mindretallet i handelsdelegasjonen har regnet ut, en 12 à 13 millioner kroner. Men jeg tror at det regnestykke er i aller høieste grad teoretisk. Men en ting som ikke er teoretisk, og som vi med sikkerhet kan fastslå, det er at hvis Stortinget stiller sig slik at vi ingen ny avtale får med Island, eller at kanskje til og med den avtale vi har idag, blir op sagt fra Islands side, vil de norske fiskerier miste en inntekt på mellom 4 og 6 millioner kroner. Og dette tap av inntekt rammer spesielle distrikter i vårt land, og det rammer et mindre antall enn det tap vil ramme som følger av de 13 millioner kroner som kjøttprisen vil synke med. Når man ser på den faktiske stilling, tror jeg at man må komme til det resultat at det er nødvendig for oss å få i stand denne avtalen med Island. Det er i særlig grad nødvendig for våre fiskere og våre fiskeriinteresser. Og vi skal vel heller ikke legge skjul på at de nye bestemmelser i avtalen når det gjelder fiskeriene, bringer ikke så uvesentlige fordeler for våre Islandsfiskere, fordeler som sannsynligvis vil føre til at den inntekt vi kan påregne av våre fiskerier ved Island, vil stige ikke så ganske lite.

Jeg er heller ikke enig i at det er riktig å stille opp dette spørsmål som om det var et spørsmål mellom landbruket og fiskeriene, hvor landbruket skulle betale. Hvis man ved hver anledning stiller spørsmålene slik her i Stortinget, tror jeg man kommer i en ganske underlig stilling. Hvis vi skulle stille spørsmålet slik når det gjaldt støtten til jordbruket, og si at dette er jordbruket kontra den forbrukende befolkning her i landet, hvordan vilde da jordbrukets stilling til syvende og sist bli? Det er en meget farlig linje å slå inn på å ville sette næringene opp mot hverandre. Vi er sikkert alle villige til å være med og støtte jordbruket, men vi synes også at det av og til kunde være grunn til, når vi behandler spørsmål som tangerer jordbruket og en annen næring, at de jordbruksinteresserte kunde stemme tonen litt ned, for de samme folkene har av og til også sunget fiskernes og fiskeriennes pris, og de har snakket om at der er et kystens problem som er verre enn alle andre problemer idag. Dette er et lite stykke kystens problem, men når vi kommer så langt at det er mulig å løse dette til fordel for kysten, da skyver man det fra seg. Jeg synes det er uriktig.

Det er også komiteens forutsetning at ved de forhandlingene som kommer til å bli ført hvis komiteens innstilling bifalles, skal det være de norske forhandleres oppgave å få sauekjøttkvoten så lav som det overhodet er mulig uten å gi avkall på nogen av de fordeler som vi ved de foreløbige forhandlingene har opnådd for de norske fiskeriinteresser. Det har videre vært komiteens mening og forutsetning at vi må forsøke å få gjennemført en regulering for innførelsen av sauekjøtt i det hele tatt med et kvotesystem, også når det gjelder Argentina. Jeg kan ikke annet enn anbefale den

innstilling som foreligger, slik som forholdene nu engang ligger an for den næring som i særlig grad er interessert i dette spørsmål.

Statsråd Koht: Det er eit gammalt ord som segjer at den som prover for mykje, provar ingen ting, og eg kann ikkje segja anna enn at det er sume av talarane her i dag som i det minste har freista på å prova for mykje, når dei her vil taka fram heile spørsmålet um den norske kjøtproduksjonen og sjå det i samband med det sanneleg etter måten vesle spørsmålet som her ligg fyre. For lat oss no gå tilbake til det som det spørst um. Det som vi er usamde um, er dette um vi skal kunna gjeva Island høve til å auka si sauekjøtinnførsle til Noreg med 224 tonn um året. Det er alt det det spørst um, det som usemjø står um, og eg trur ikkje det er so lett å prova og få oss til å tru på at dette skal ha slik ein veldig innverknad på heile den norske kjøtproduksjonen, slik som serleg hr. Jakob Vik vilde ha det til. Heile den norske kjøtproduksjonen er umlag 100 000 tonn um året, og her er det tale um 224 tonn. Det vil segja at det som det her er tale um, er 0,2 pct. eller 2 pro mille av heile vår kjøtproduksjon, av heile vårt kjøtbruk her i landet. Når ein so dessutan kann sjå - der hadde hr. Valen mistydd noko av det eg sa - at prisen på det islandske sauekjøtet her i landet har auka i dei siste åra, auka nærast år for år, til det til slutt nådde høgda si no i 1938, då er det ikkje lett å få det til at dette skal驱a dei norske kjøtprisane ned.

Eg vil ikkje anna enn hefta meg litegrand ved det som hr. Sundby sa, med ein viss spott, dette um den argentinske innførsla, at vi har sete med hendene i fanget og har late denne innførsla få auka so mykje. Vi har slett ikke sete med hendene i fanget, det kann hr. Sundby lesa seg til i dei aktstykke som er lagt fram for Stortinget. Det var i 1937 at sauekjøtinnførsla frå Argentina med ein gong fauk slik upp, og alt i 1937 kom Utanriksdepartementet med sitt framlegg um regulering. Og eg kann gjerne få opplysa hr. Sundby um, at når det ikkje vart gjennomført den gongen, var det umsynet til andre norske jordbruksinteressor som den gongen stengde for det. No, dei umsyna har vi kome utanum, soleis at trass i alle dei vanskane vi visseleg kann få med Argentina, trur eg at vi skal kunna gjennomføra denne nedskjeringa. Eg er klår over at det er vandare no i år enn det var for vel eit år sidan, men eg trur vi skal kunna greia det, og då vil stort set, set i samanheng, den norske kjøtproduksjonen tena på dette.

Eg vil her samstundes retta eit lite mistak som eg trur hr. Valen gjorde seg skuldig i. Han tala som ei slik innførselsregulering berre skulde gjelda for innførsel til den nedsette tollen. Det har aldri vore tanken i Utanriksdepartementet, tvertimot, tanken har vore at kvoten skulde gjelda for all innførsla som kom, anten det var til den høge eller til den låge tollen, og for min part har eg no tenkt at når ein gjorde det slik, ville det greiaste vera berre å ha eitt slag toll, ikkje two slag. Det spørsmålet blir no dryft i Finansdepartementet. Eg veit at det er visse praktiske motgrunnar mot dette, men det er eit spørsmål for seg. I alle høve er fyresetnaden at den kvoten som blir sett upp, gjeld for

heile sauekjøtinnførsla og ikkje berre for den som skulde koma inn under den låge tollen.

Når ein so ser kva det her spørst um for jordbruket, og set det upp mot det som det spørst um for fisket, kann eg ikkje skyna anna enn at det er svært lite i alle høve som det spørst um som kann vera fårlig for jordbruket, og svært mykje som fisket kann koma til å lida. Vel, det er lokalt; det er so at dette islandsfisket er fest til eit par serskilde umråde av det norske landet, det er Karmøy og det er Møre. Men just for di dette gjeld mindre umråde, so råkar det der so mykje hardare, og vi står framfyr den ting at vi ikkje berre ikkje får ein ny avtale, men at den gamle avtalen frå 1932 fell burt. Anten får vi ingen avtale med Island, eller so må vi gå inn på ein liten auk, - eg understrekar: ein liten auk - i den islandske sauekjøtinnførsla. Vi får i den nye avtalen med Island ikkje so få serrettar for dei norske fiskarane, serrettar som gjer det lønsamt for dei norske fiskarane å vera der ute på den harde tørn som islandsfisket er. Det er serrettar som er so store, so sjølve nektar vi utlendingar slike rettar her i landet. Men vi strider sjølvsgåt for vårt, og islendingane strider for sitt, og eg synest nok at vi her millom oss kunde tenkja på islendingane litegrand, som sit på den fatige øya si med dei få næringsgreinene dei har, og fører sin harde strid. Vi kunde vel kanskje tenkja at det skulde ikkje vera so langt undan for oss å hjelpa dei litegrand. Men um ein synest at dette er eit sentimentalt umsyn, so har vi eit anna umsyn som er vidare og større, og som slett ikkje er det minste sentimentalt, det er tilhøvet til Island i heile fiskehendelen. Vi veit alle at Island er den verste medtevlaren vi har i fiskeutførsla for kleppfisken. Vi har ei tevling der som visseleg er til skade for både partar. Det vilde vera viktigare - og vi har freista ein gong frå norsk side for nokre år sidan - å koma til ei semje med islendingane i denne tevlinga, so det kunde bli til nytte for både to. Men det held eg for heilt utvilsamt, at øydelegg vi denne avtalen gjer vi det slik at vi kjem upp i ein økonomisk krig med Island, so blir Island endå hardare å ha med å gjera i denne store tevlinga ute i verda. Det er eit psykologisk moment i dette som vi skal rekna med, og vi skal ikkje berre stira på dei einskilde småting det her er spursmål om. Det kan vera småting, men det heng i hop med dei større ting som vi må ha for augo når det gjeld heile den norske handelspolitikken.

Lykke: Jeg skal ikke blande mig op i debatten om dette vanskelige handelsforhold med Island og om forhandlingene der; jeg har jo tidligere befattet mig litt med kjøtt, og det var ikke absolutt behagelig, så jeg skal la det ligge. Jeg vilde bare si noen ord om et særvaltom jeg er blitt gjort opmerksom på fra medlem av delegasjonen, direktøren for Fleskecentralen, hr. Sollied. Det finnes på s. 10 i et av de dokumenter vi har fått, og angår den fortjeneste som grossistene har på omsetningen av islandsk fårekjøtt. Jeg er blitt gjort opmerksom på at denne oppgaven er feilaktig. Nu, jeg tviler ikke på at hr. Sollied har ment å ville anføre riktige tall. Jeg tror imidlertid han er kommet i skade for å gå ut fra en feilaktig børsnotering. Jeg har fått opplyst at børsnoteringen var på det tidspunkt det er

tale om, altså i høst, kr. 148,00 og 5-tønnevis kr. 145,00. Samtidig var ved det at det var felleskjøp, prisen kommet ned i kr. 108,00 pr. tønne à 112 kg., 107 + 1 krone i fordelingsomkostninger. Omkostningene var: toll kr. 20,16, kontrollavgift kr. 2,24, trafikk- og vareavgift kr. 0,58 og islandbringelse o.s.v. kr. 0,35. Tilsammen blir det 131,33 kroner. Dette er hvad kjøpet koster en grossist. Så selger han det for 148 kroner enkelt-tønnevis og 5-tønnevis for 145 kroner eller med andre ord med kr. 16,67 i avanse, eller pr. 100 kg. kr. 14,90, som er presis det samme som fleskesentralen omsetter kjøttet for gjennem grossistene. Jeg vil ikke beskylde hr. Sollied for at han med vilje har anvendt uriktige tall, men jeg tror det er riktig at disse opplysninger kommer frem. Nu sier man riktig nok at ved at man holder prisen så høit som man gjør, hjelper man på den norske kjøttrapris, så det er ikke nogen bebreidelse mot grossistene for at de tar for stor avanse skjønner jeg. Men jeg vil gjerne at man skal være opmerksom på at der er visse grenser for hvad de kan tjene også.

Anderssen-Rysst: Efter den debatt som har vært ført her, skal jeg for mitt vedkommende bare få fremkomme med noen korte bemerkninger, idet jeg kan slutte mig til forskjellige uttalelser og synspunkter som er fremholdt tidligere, og ganske spesielt da av den ærede utenriksminister i hans siste innlegg. Det er etter min mening meget riktig å understreke ved denne anledning at forholdet til Island har en videre rekkevidde og at der er visse momenter tilstede med hensyn til eventuelt samarbeid, momenter av psykologisk art kan man godt kalle det - som utenriksministeren gjorde - som har stor betydning og kan få ennu større betydning fremover. Forholdet for vårt vedkommende er jo det at vi har utviklet en fiskerinæring på Island ut fra de forhold som forelå tidligere, som nødvendiggjør at våre fiskere har tilhold i land. Man må huske på at vi bygget vår utgående fiskerflåte, den som deltar i fisket på Island, dengang det var fritt for oss å gå iland på kysten der. Men så kom den islandske selvstendighetsbevegelse, Islands økonomiske og nasjonale reisning, og vi fikk en utvikling i disse ting under parolen: Island for islanderne - en tilsvarende parole til hvad vi kjenner så godt her i landet, nemlig parolen: Norge for nordmennene som det hette i sin tid. Så kom forsøket på å stenge andre produsenter av samme vare ute, legge dem hindringer i veien. Det store forsøk herpå var fiskeriloven av 1922 som er en tro kopi forsåvidt angår § 3 - den store bestemmelse angående forbud mot tilhold iland - av vår Finnmarkslov. Da denne lov kom, reiste det sig et ramaskrik hos våre folk som arbeidet på Island, og forholdet blev det - jeg skal ikke komme nærmere inn på det, men det utviklet sig slik dengang - at våre fiskeriinteresser og islendingenes interesse av å eksportere kjøtt til Norge blev lenket sammen. Det var i 1924 og i samme stilling står saken den dag idag. I 1932 da vi fikk den konkrete utfoming, kan jeg vel kalle det, en avtale om disse ting, de norske fiskeriinteresser på den ene side og Islands interesse av å eksportere sauekjøtt til Norge på den annen side, vakte denne avtale en uhyre sterkt motstand på Island. Der var folkemøter på Nordlandet av fisker- og bondebefolkningen, og de som hadde forhandlet dengang på

Islands side, var gjenstand for en omtale som er sørgelig å tenke på. Hr. Holdø uttalte da også i debatten dengang da Stortinget med stort flertall vedtok avtalen, at denne avtalen får vi ikke beholde lenge. Det annonserte hr. Holdø allerede dengang vi vedtok den, for han antok at islendingene, spesielt fiskerbefolkningen på Island, vilde hevde at den gikk for langt med hensyn til innrømmelser, den slo for mange hull i den islandske fiskerilovgivning, og ved siden derav måtte de islandske bønder være henvist til en kontingentering for eksporten av sauekjøtt som man kan si vakte indignasjon.

Forholdet var slik at et revisjonskrav ville komme til å melde sig igjen og ganske snart, det måtte man være forberedt på, og, som den ærede utenriksminister nevnte, var revisjonskravet der allerede i 1935 med en særlig understrekning av at man ville ha en annen regulering for sauekjøttets vedkommende. Regjeringen forsøkte imidlertid lenge å skyve spørsmålet fra sig. Men vi er klar over det, at det kunde ikke gå i lengden. Når den islandske regjering krevet forhandling, måtte den norske regjering tilslutt erklære sig villig til det.

Det er da resultatet av disse forhandlinger som foreligger her idag. Jeg skal ikke gå nærmere inn på det som foreligger - resultatet av disse forhandlinger - det blir det anledning til siden. Men likeoverfor den innvending som er fremholdt gjentagende ganger her i debatten, at det kan ikke være så nødvendig med disse innrømmelser, all den stund vi har planer om å utvikle den pelagiske fangst utenfor Island, vil jeg få lov til å si: Det spørsmål har interessert mig overmåte meget også under disse forhandlinger, og jeg er a jour med hvad som foreligger i så henseende; men det kan etter min mening slåes fast at i så henseende kan vi ikke si nogen ting sikkert enda. Vi må gå erfaringens vei, vi må gå eksperimentenes vei, vi må gjøre en beskjeden begynnelse og prøve å utvikle dette videre men slik at det kan bli om mulig av større betydning for vårt forhold til Island. Hvad fremtiden i så henseende kan bringe, kan vi ingen ting si om idag.

Idag er stillingen den at våre fiskere er avhengige av de innrømmelser som vi har her, og tidspunktet er slik at hvis disse videre forhandlinger ikke skulle føre frem, så må vi gå ut fra at våre fiskere ikke kan drive kommende fiske på det grunnlag som da vil foreligge. Og jeg tror at man kan si at vi i så henseende ikke er forberedt for tiden. Det er en ting som jeg mener Stortinget må være helt klar over, at vi ikke er forberedt til å ta en slik situasjon. For en slik situasjon må forberedes, den må underbygges, vi må vite hva vi går til, og i dette øieblikk er ikke stillingen den at vi vet det. Derfor må man hvis man mener det er maktpåliggende å hjelpe den hårdt betregte fiskerbefolkning, som kjemper under så mange vanskeligheter både her i landet og der ute, gjøre det på den måte, at man søker å få denne avtale med Island sikret.

Jeg vil få lov å nevne et moment til. Det er på det rene - den ærede utenriksminister har uttalt det her og det står også i dokumentene - at det vil bli en almen regulering av innførselen av sauekjøtt. Det vil bli det i den nærmeste fremtid, må vi regne med. Men hvis vi ikke får avtalen med Island i orden først, før denne regulering, så kan vel Island uten å gjøre særinnrømmelser - skulde jeg tro - høste de

fordeler som flyter av en sådan regulering med andre land. Det må vi være opmerksom på. Derfor tror jeg, slik som situasjonen i det hele ligger an her, at det er nødvendig, hvis man vil beskytte de norske fiskeres interesser - og de kalles vitale interesser i de forskjellige dokumenter som foreligger - at man er nødt til å gjøre det på den måte som den ærede utenriksminister har fremholdt og understreket i stortingsmeldingen, og som de øvrige talere her har fremholdt. Så vidt jeg forstod den ærede representant hr. Trædal, var også han klar over, etter alt som foreligger i denne sak, at man må gi Island en innrømmelse i det som er dets hovedkrav, nemlig en øket kontingent mot den nuværende på 6 000. Han var klar over det.

Trædal: Nei.

Anderssen-Rysst: Han kommenterte sitt forslag derhen at det kunde fremlegges for islendingene, motparten, under forhandlingene. Jeg vet ikke, om hr. Trædal har tenkt nærmere over det. Jeg tror ikke at det vilde være en heldig fremgangsmåte. Jeg tror at forhandlerne må ha sine forseglede ordres å gå etter og få den instruks som utenriksministeren under embeds ansvar finner at han kan gi dem, og at de må arbeide mest mulig for å få det best mulige resultat av forhandlingene på grunnlag av det.

Det er forståelig etter hele sakens stilling at Regjeringen finner å måtte fremlegge dette for Stortinget og få en realitetsavgjørelse her for Stortinget idag, og da tillater jeg mig som fiskerirepresentant innstengende å henstille til Stortinget å gi Regjeringen den fullmakt som den her esker.

Bærøe: Det er klart at for enhver av oss som kjenner produksjonsforholdene i jordbruksidag, spesielt produksjonsforholdene med hensyn til kjøtt, er den foreliggende innstilling ikke noe ønskverdig resultat. Det kan jeg si straks, og jeg kan erklære mig helt enig med dem som har uttrykt, så omrent i samme ordelag før som jeg vilde benytte mig av, at vi må ta sikte på å søke å hindre enhver import av kjøtt til vårt land, fordi når som helst et mindre godt år kan skape de aller største vanskeligheter på vårt kjøttmarked. Spørsmålet er om de hensyn da er så avgjørende at vi skal stemme mot den foreliggende innstilling.

Det foreligger to forslag, nemlig foruten innstillingen, det av hr. Trædal fremsatte. Hvad sier nu det forslag? Det sier ikke annet enn at bondepartiet ønsker ikke å ta noget ansvar for det som skal skje, det ønsker å stå fritt etterpå for å si hvad det da mener om det. Jeg synes det hadde vært bedre om bondepartiet straks hadde sagt at det ikke vil ha nogen økning av disse kvoter. Det hadde vært et ærlig standpunkt, et standpunkt som det ikke er usannsynlig at det hadde fått flere i denne sal enn sin egen gruppe med sig på. Men det som nu foreligger fra bondepartiet, er et forslag om at vi skal vente og se og endogså stille Regjeringen ganske fritt med hensyn til de kvoter som det er tale om, mens det annet forslag begrenser Regjeringens, og først og fremst

forhandlernes, adgang til å gå høiere enn de 8 000 tønner. Det er det som foreligger. Selvfølgelig er det beklagelig at det skal handles med så dyrebare interesser som dette, at det for å opnå visse fordeler for en næringsvei betales med en annen næringsveis interesser: Men slik er det nu engang. Jeg understreker på nytt: La det være enhver regjerings oppgave for fremtiden å søke å få vekk - det må vel skje suksessivt - enhver import av kjøtt. Men jeg våger ikke i den stilling saken nu står å stemme imot innstillingen. Jeg ser iallfall ikke nogen del i å stemme for det forslag som hr. Trædal har lagt frem.

Utenriksministeren sa at han hadde det håb at denne kvote kunde bli mindre. Ja, det håb har vi alle, men etter å ha lest dokumentene har jeg ingen tro på det. Det som jeg nærmest er redd for, er at Island ikke nøier sig med de 8 000 tønner, men da har iallfall Stortinget sagt fra at over det er det ikke tale om at våre forhandlere kan gå, og det er da et grunnlag for våre forhandlere å stå på, fremfor å gå til forhandlinger uten å kjenne Stortings standpunkt. Men når jeg stemmer for dette forslag, er det også ut fra at det må gjøres hvad gjøres kan for om mulig - hvad jeg altså har sagt at jeg ikke har nogen særlig tro på vil gå - å komme under de 8 000 tønner, og at på den annen side også kjøttimporten fra Argentina må reguleres slik at forholdene i vårt land iallfall ikke blir vanskeligere enn de har vært før.

